



Marita, Tove og Ingvild gjorde eit sterkt inntrykk

Tangoen har spreidd seg frå Argentina som ein smittsam sjukdom over verda, men den har i motsetnad til ein sjukdom spreidd berre glede. Og dei 10 som møtte på konsert i Helgheim i føremiddag opplevde i høgste grad denne glede.

Tre knallflinke jenter presenterte tangoar frå 7 land med stor innleving og musikalsk talent og dei som ikkje var der har grunn til å angre!

Dei tre i gruppa Tango Twist (Marita frå Førde i Sunnfjord, Tove frå Eskilstuna i Sverige og Ingvild frå Sotra) hadde tangoar frå Noreg, Sverige, Italia, Spania, Finland, USA og Tyskland på programmet. Dei har det travelt: Berre i Kvinnherad hadde dei 4 konsertar på programmet medan dei skal avvikla 20 i Hordaland og Rogaland under vignetten "Den kulturelle spaserstokken".

I Uskedalen frista kulturkontoret med gratis adgang for tysdagsgjestene på TI-aren samt dei over 60 utan at det hadde den store responsen. Men dei som var der kunne glede seg over høgst personlege variantar av tangosvisker frå heile verda. Spennvidda er imponerende sjølv om grunntrekka er dei same.

Ikkje vågar vi å setja opp noko rankingliste, men originalversjonen av La Paloma gjorde eit særleg sterkt inntrykk saman med "En liten gylden ring" i rørende utgåve.

Tekst og foto: Ola Matt Mathisen



Dei 10 som kom hadde ei fin oppleving